



Vald og truslar om vald

Storkurs 2023

Noko å snakke om?

Kva for handlingar/veremåtar utfordrar meg/oss?

Kor går grensa mellom det som er «pårekneleg» og det som er eit «avvik frå normalen»?

Er det former for vald og truslar som vi må «tole»? og kven skal definere det?

Kan vi seie at vi har vald og truslar i barnehagen?

kva er mi rolle som tillitsvald i dette arbeidet?

Kva med truslar frå foreldre?
Kva gjer vi med det?

BARNEHAGE

Tysdag morgon kjem Tom seint i barnehagen. Heile kroppen hans signaliserer uro, han buldrar inn i samlinga. Skubbar til andre barn på avdelinga, før han set seg under bordet.

Mina ynskjer han velkommen og håpar situasjonen roar seg. Det gjer den ikkje. Dei andre barna ser skremte ut. Ein tilsett prøver å roe Tom.

Når samlinga er over skal barna over i frileik. I det Tom passerer Mina, slår han henne hardt i låret. Mina rekk ikkje å få sagt noka før Tom forsvinn saman med dei andre barna ut i avdelinga.

SKULE

Tysdag morgon kjem Tom ein halv time for seint. Kroppen hans signaliserer uro, han buldrar inn i klasserommet og skubbar til medelevar på veg til plassen sin. Han sleng seg ned på stolen med beina på pulten.

Mina ønsker han velkomen og håper situasjonen roer seg. Det gjer den ikkje. Medelevane ser irriterte ut. Ein ber han roe seg.

Det ringer ut. Idet Tom passerer Mina, slår han henne hardt i låret. Mina rekk ikkje å reagere før Tom forsvinn saman med dei andre ut i friminuttet.

FAGLEG ADM. STØTTESYSTEM (FAS)

Mina Spesialpedagog skal utgreie Tom frå 3A. Tom kjem ein halv time for seint på skulen. Heile kroppen signaliserer uro, han buldrar inn i klasserommet, skubbar medelevar på veg til plassen sin. Han sleng seg ned på stolen med beina på pulten. Fyst til andre time kjem han til utgreiinga, følgd av klasselærer medan han protesterer høglydt.


Mina ønsker han velkomen og ber han roe seg, slik at dei kan fullføre oppgåva dei held på med. Tom arbeider i korte periodar, men bryt stadig av arbeidet med protest. Mina fullfører på eit vis opplegget sitt.

Det ringer ut til matpause. Idet Tom passerer Mina, slår han henne hardt i overarmen.

Kva gjer du?



Kva svarar
du læraren?



Kva er det
neste du
gjer?



Kva gjer
du så?

Var det lett å svare på desse tre spørsmåla?

Opplever du at du har kompetansen som trengs for å hjelpe læraren?

Har de gode rutinar for å følgje opp slike hendingar på din arbeidsplass?

Arbeidstilsynet sine definisjoner

Vald og truslar

«hendelser hvor arbeidstakere blir fysisk eller verbalt angrepet i situasjoner som har forbindelse med deres arbeid, og som innebærer en åpenlys eller antydnet trussel mot deres sikkerhet, helse eller velvære»

Truslar

«verbale angrep eller handlinger som tar sikte på å skade eller skremme en person»

Vald

«enhver handling som har til hensikt å føre til fysisk eller psykisk skade på person. Det inkluderer også hendelser der den som skader en annen person ikke er klar over eller vurderer konsekvensene av handlingen sin – for eksempel på grunn av rus, psykisk/somatisk sykdom, mental og emosjonell tilstand eller liknende»

Har du vore i eller sett situasjonar på din arbeidsplass som kjem under desse definisjonane?

«Flere slag på arm, slengte stol mot meg, stygg språkbruk: feit, stygg, fucking bitch, hold kjeft»

361 tilfeller av vold, trusler, sjikane og trakassering ble rapportert fra skolene på Askøy i fjor.



– Når elever ikke får hjelp og støtte til å få dekket sine behov, oppstår det frustrasjon og sinne. Dette blir gjerne rettet mot ansatte, sier Frode Wollberg, leder i Utdanningsforbundet på Askøy.





Foto: Gorm Kallestad/NTB

På fem år er antall meldinger om vold mot skoleansatte nær tredoblet

Drapstrusler, lugging og biting. Dette er voldstilfellene og truslene som skoleansatte i Gjøvik kommune melder inn.

Av [Eспен Amundrud Solhaug](#)

Publisert: 25.01.22 09:49

 For abonnenter

Oppslag i BT 6.mars 2023


BERGENS TIDENDE MANDAG 6. MARS 2023

Rapporterte tilfeller av vold, trusler og trakassering i Bergensskolen



Fordeling på type hendelse

Gjelder barne- og ungdomstrinnet



Kilde: Bergen Kommune



Ser meir vald og trakassering i skulane: - Autoritetar har ikkje autoritet lenger

Fleire vaksenpersonar

- Er lærar eit yrke der ein må finna seg i å bli utsett for psykisk eller fysisk vald?

- Tja, men ikkje at det skjer regelmessig. Det må lagast rutinar som klarer å handtera dette, ein må få fleire vaksenpersonar på plass slik at me som lærarar også får meir ekspertise på området, meiner Øydvinn.

Han trur etterdønningar av pandemien, der elevar kjenner på frustrasjon, kan ha eskalert tilfella.


«Utsatt for vold eller trusler siste år»

Vold og trusler om vold (samlet)

Det vil si at man i løpet av det siste året har vært utsatt for trussel og/eller vold på arbeidsplassen


- Vold og trusler om vold (samlet)
- - Vold, synlige merker
- - Vold, ikke synlige merker
- - Trusler

NOA yrkesgrupper



■ Andel (%) som oppgir at de er utsatt for vold og/eller trussel

Kilde: SSB, LKU-A 2019



Grunnskulelærarar	26% (14,9)
Leiar, utdanning og helse	16%
Barnehagelærarar	9% (14,3)
Lektor/pedagog	6% (2,7)

«Utsatt for vold eller trusler siste år». (siste tala vi har er frå 2019)

1.

Kva tenkjer du om tala?

2.


Har du vore i ein situasjon der du tenkjer at dette skulle eg meldt i frå om?
Kva hindra deg?

Vold og trusler om vold (samlet)

Det vil si at man i løpet av det siste året har vært utsatt for trussel og/eller vold på arbeidsplassen

- Vold og trusler om vold (samlet)
- - Vold, synlige merker
- - Vold, ikke synlige merker
- - Trusler

NOA yrkesgrupper



Grunnskulelærar	26%	(14,9 % i 2016)
Leiar, utdanning/helse	16%	
Barnehagelærar	9%	(14,3 % i 2016)
Lektor/pedagog	6%	(2,7 % i 2016)

■ Andel (%) som oppgir at de er utsatt for vold og/eller trussel

Kilde: SSB, LKU-A 2019

STAMI
NOA

Så....kva gjer vi?

...og kva skal til for å få tala i statistikken til
å peike riktig retning?

Arbeid som kan medføre fare for å bli utsett for vald og trussel om vald

- **Kartlegge risiko:** Arbeidsgjevar skal kartlegge kva risiko det er for at arbeidstakarane kan bli utsette for vald eller truslar.
- **Opplæring:** Arbeidstakarane skal ha nødvendig opplæring i førebygging og handtering av vald- og trusselsituasjonar.
- **Informasjon:** Arbeidstakarane og deira tillitsvalde skal ha nødvendig informasjon, m.a. om kva for rutinar som er sette i verk for å førebygge, handtere og følge opp vald- og trusselsituasjonar.
- **Tiltak:** Arbeidsgjevar skal sette i verk nødvendige tiltak.
- **Oppfølging av arbeidstakar:** Arbeidsgjevar skal følgje opp tilsette som blir utsette for vald og truslar på ein god måte i etterkant.

Risikovurderinga skal vurdere:

- ☐ organisering og tilrettelegging av arbeidet
- ☐ kvar, kor tid og i kva situasjonar slike hendingar skjer
- ☐ åleinearbeid
- ☐ bemanning
- ☐ kompetanse
- ☐ utforming av arbeidslokala og tekniske løysingar,
- ☐ effekten av iverksette og planlagte førebyggjande tiltak

I kva situasjonar kan det oppstå vald eller truslar på min arbeidsplass?

Kvifor oppstår situasjonen?
(Kva kan vere rotårsaka?)

Erfaringsdeling



- Har de som tillitsvalde eller tilsette vore med i slike prosessar som forskrifta her legg vekt på?
- Kva risikovurderingar gjorde de?
- Kva førebyggjande tiltak har din arbeidsgjevar gjort?
- Kva førebyggjande tiltak har de gjort på eigen arbeidsplass?
- Kva opplæring og informasjon har de fått?

Avvik og avvikshandtering

Lova krev at arbeidsgjevar har oppretta eit system for å handtere avvik.

God avvikshandtering handlar om:

- å finne ut kva som har skjedd
- å finne ut kvifor det skjedde
- rette opp tilhøvet
- sørge for at det ikkje skjer igjen

Det er ikkje skaden som er avviket, det er **årsaka til skaden** som skal registrerast som avvik.

(Men sjølvsagt og viktig å registrere skaden, med tanke på yrkesskadeerstatning).



Avvik

- Arbeidsmiljøloven § 11 a, lovens formål er
« å sikre et arbeidsmiljø som gir grunnlag for en helsefremmende og meningsfylt arbeidssituasjon, som gir full trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger ».
- Å melde avvik er å seie ifrå om brot på HMT - regelverket.
- Både arbeidsgjevar og arbeidstakar har eit ansvar.



Noko å snakke om?

- Har de snakka om kva som er eit avvik på din arbeidsplass?
- Har de eit (godt/velfungerande) system for avviksmelding?
- Dersom de har eit godt system og gode rutiner, kjenner alle tilsette til desse og korleis dei skal brukast?
- Korleis er kulturen for å melde avvik?
- Vert de oppmoda om å melde avvik?
- Kva hindrar deg i å melde avvik? (Kulturen? Systemet? Noko anna?)
- Korleis vert meldingane følgd opp?

Kva kan vere gode tiltak for at fleire skal melde inn avvik?

Når der det oppstår ei hending

Lat dei springe - hent assistanse – del situasjonen – ikkje stå aleine i den

- Evakuer dersom det er fare for sikkerheita til barn, elevar eller lærarar.
- Rektor/styrar/leiar og eventuelt andre skal varslast med ein gong.
- Den valdsutsette skal takast hand om.
- Valdsutøvaren skal takast hand om.
- Pårørande skal varslast
- Barn, elevar, andre tilsette og eventuelt andre føresette må få nødvendig informasjon om hendinga.

Teieplikt og personvern

Har lærarar rett på informasjon om farar som kan oppstå i jobben?

Ja, seier Arbeidstilsynet.

Lærarar skal ha informasjon dersom det til dømes er ein elev ved skulen som kan skade elevar og lærarar.

«Lærerne vil samtidig ha taushetsplikt om personopplysninger, og hensynet til personvern vil i så måte langt på vei være ivarettatt», understrekar Arbeidstilsynet.



Dette gjer vi forts.

Rett etterpå:

Støtt og hjelp den valdsutsette.
Ikkje la den valdsutsette vere åleine.
Lytt og spørje.
Få vite mest mogleg om situasjonen.
Noter ned det du får vite.
Tillat alle følelsar

Når situasjonen har roa seg litt:

- Melde frå til alle som skal ha beskjed
- Registrere eventuelle skadar (yrkesskadar)

Korleis registrere, dokumentere og melde frå?

- Alle episodar skal registrerast på skulen.
- Skulen/kommunen skal fylle ut rapporteringsskjema, som skal oppbevarast på skulen. Send eventuelt kopi til rådmann, politi, hovudverneombod eller andre instansar.
- Skademeldingsskjema skal sendast til arbeidsgjevar sitt forsikringsselskap.
- Alvorlege skadar skal meldast til Arbeidstilsynet.
- Anmelding/bekymringsmelding sendast til politiet – bekymringsmelding til barnevernet



Arbeidstilsynet

Lokallaget/fylkeslaget si rolle

Ta initiativ på kommunenivå/fylkeskommunenivå til samarbeid mellom arbeidsgjevar, hovudverneombod og tillitsvald

- utarbeide felles retningsliner og planar for arbeidet
 - skulering på området
 - hjelp og oppfølging av barnehagar og skular
-
- Inspirere og motivere
 - Gje tips og råd i arbeidet



Erfaringsdeling



Kva planar, retningsliner og rutinar har din arbeidsgjevar?

- Er desse tilpassa din arbeidsplass?
- Har de vore med i prosessar for å utvikle desse?

Leiarar har ei avgjerande rolle

- Sette arbeidet med vald og truslar på dagsorden.
- Sette seg inn i reglar og kva som finst av materiell i kommunen/fylkeskommunen/kjeden.
- Sette av tid til opplæring, informasjon, diskusjon og øving.
- Lage rutinar for arbeidet saman med tillitsvalde og verneombod.
- Lage handlingsplan, sette i gong tiltak og evaluere.
- Engasjere og motivere dei tilsette i dette arbeidet.
- Ha eit system for avviksmelding og oppfordre til å bruke det.
- Informere overordna nivå om behov for tid og ressursar til dette arbeidet.

Arbeidsgjevar har hovudansvaret for å følge opp :

- Arbeidsmiljølova
- Barnehagelova
- opplæringslova

Desse lovene har same rang, det betyr at både barn og elevar sitt læringsmiljø og dei tilsette sitt arbeidsmiljø må ivaretakast.

Registrere skadar og sjukdom.

Register skal vere tilgjengeleg for Arbeidstilsynet

Arbeidsmiljølova § 5-1.

Arbeidsgiver skal sørge for registrering av alle personskader som oppstår under utførelse av arbeid. Det samme gjelder sykdom som antas ha sin grunn i arbeidet eller forholdet på arbeidsplassen.

Arbeidsgivar har plikt til snarast mogleg å varsle Arbeidstilsynet og næraste politimynde om alvorleg personskade eller dødsfall som skjer i arbeidet.

Arbeidsgivar skal sende skademelding til NAV og forsikringsselskap når ein arbeidstakar får skade som kan gi rett til yrkesskadedekning.

Meldeplikt

Korleis melde frå om yrkesskade?

Arbeidsgiver pliktig å melde frå om yrkesskade/yrkessykdom til NAV og arbeidsgivers forsikringsselskap. I utgangspunktet er det derfor arbeidsgiver, ikke arbeidstaker, som melder fra om skaden/sykdommen.



Skaden bør meldes til både NAV og forsikringsselskapet selv om det på skadetidspunktet er usikkert om det senere blir aktuelt å fremme krav om utgiftsdekning eller erstatning.



Dersom arbeidsgiver av en eller annen grunn ikke melder fra om yrkesskaden/yrkessykdom kan arbeidstaker selv melde fra til NAV og arbeidsgivers forsikringsselskap.

Arbeidsplasstillitsvalde si rolle

- Ta initiativ på arbeidsplassen
- Vere ein støttespelar for leiar
- Melde som tema i HMS-gruppa og i medråderettsmøter
- Sjekke om det allereie finst retningsliner eller opplegg til bruk på arbeidsplassen
- Involvere heile personalet i prosessar som vert sette i gong
- Be om opplæring
- Kontakte lokallaget og hovudverneombodet ved behov.

Gje støtte til medlemmar som:

- føler seg utrygg
- treng hjelp til å ta opp problemet
- opplever å ikkje bli høyrd
- ikkje føler seg ivareteken etter ei hending
- opplever å stå ålene i ei vanskeleg sak om vald/truslar

Verneombodet si rolle

- Ta medansvar og vere pådriver i arbeidsmiljøarbeidet
- Følge med på korleis dei tilsette opplever arbeidsmiljøet sitt
- Kontakte leiinga dersom arbeidsmiljøet ikkje er som det skal
- Varsle leiinga (og dei som er utsett for fare) om forhold som kan føre til ulykke, helsefare og sjukdom
- Kontakte hovudverneombodet om det trengs.

Verneombodet kan stenge arbeidsplassen dersom liv eller helse står i fare (AML § 6-3).

Alle tilsette har ei rolle i dette arbeidet

For at ein skal oppnå gode resultat må alle tilsette få høve til å

- delta aktivt i prosessane.
- engasjere seg og bidra til å nå måla.
- delta i opplæring og øving.
- sette seg inn dei rutinane ein har for å førebygge og handtere vald- og trusselhendingar.
- etterspørje rutinar og prosessar dersom ein ikkje har blitt involvert.



Diskusjon og refleksjon

- Kva er det viktigaste å gjere på din arbeidsplass no ?
- Kva treng de hjelp til?
- Kva kan Utdanningsforbundet bidra med?

Materiell – verktøy – lenkjer

Vold og trusler på jobben

På disse sidene finner du mer om hvordan lærere og ledere i skole og barnehage kan forebygge, håndtere og følge opp vold og trusler.



Vold og trusler på jobben

Fem trinn til trygt arbeidsmiljø

Roller og ansvar: Sjekkliste for arbeidsplassene

Hvordan løse disse situasjonene?

Dette sier loven om vold og trusler

Legg til i snarveier

[Vold og trusler på jobben](https://utdanningsforbundet.no)
[\(utdanningsforbundet.no\)](https://utdanningsforbundet.no)


Dette sier loven om vold og trusler

Her finner du definisjon på vold og trusler og regler som omhandler vold og trusler i arbeidsmiljøloven, i kapittel 23A i forskrift om utførelse av arbeid, i opplæringsloven og i barnehageloven og forskrift til denne.



Foto: Adobe Stock


Sjekk nettsida vår



Blir du utsatt for vold og trusler på jobben?

Vet du hva du skal gjøre om du eller dine lærerkolleger blir utsatt for vold eller trusler på arbeidsplassen?

Les mer →



Lærerrømmet: Hvordan kan skolen jobbe med vold og trusler?

Hvordan skal vold og trusler håndteres? Hør podkasten Lærerrømmets spesialutgave om temaet!

Les mer →



Forebygging: Slik jobber Ytre Enebakk skole

Ytre Enebakk skole har tatt tak i vold og utagering mot både lærere og elever med ulike metoder og verktøy.

Les mer →



Vold og trusler

Mange arbeidstakere utsettes for vold og trusler i forbindelse med jobben sin. Arbeidsgivere må derfor sette vold og trusler på dagsorden og arbeide aktivt med forebygging.



Lærerrømmet

#90. Hvordan kan skolen jobbe med vold og trusler?

Share

+ Follow

Acast



17. februar 2022 - 22 min - Listen later

[View terms](#)

Et gratis verktøy for et bedre arbeidsmiljø

Alle vinner på å ha et godt arbeidsmiljø. Verktøyet er basert på forskning og tilpasset ulike bransjer slik at dere enkelt kan komme i gang med arbeidet.

[Kom i gang](#)[Les mer om verktøyet](#)

- Film for barnehage: [Situasjoner der barn utøver vold](#) (2:38 min)
- Film for grunnskule: [Vold og trusler](#) (4:18 min)
- Film for vidaregåande opplæring: [Vald og truslar](#) (3:57 min)

Nokre lenkjer

- [Vold og trusler](#), Utdanningsforbundet
- [Vold og trusler](#), Arbeidstilsynet
- [Risikovurdering](#), (veileder med døme), Arbeidstilsynet
- [Nyhendeoversikt, vold og trusler](#) (Arbeidstilsynet)
- [Statistikk - vold og trusler](#). STAMI
- [Bruk av nødrett/nødverge og andre inngripende tiltak i skolen](#) (Utdanningsdirektoratet)
- [Tilrettelegging på arbeidsplassen](#) (Arbeidstilsynet)
- [Rundskriv iht. sjukmelding](#) (NAV)

Vald og truslar om vald er ikkje ei privatsak.

Dette må vi snakke om, og dette må handsamast
som ei arbeidsmiljøutfordring.

TAKK FOR OSS

Utdanningsforbundet Vestland